


Langesund Rotaryklubb

**Rotary**  
Møtereferat



## Referat frå møtet 13.3.2024, veke 11

Vi var 19 til stades – medrekna ein gjest og føredragshaldaren. President **Kjersti Hamborg Martinsen** opna møtet med verset om *våren* i det vedunderlege diktet «Årets tider», som Arild Nyquist (1937–2004) publiserte i diktsamlinga *Kelner!* i 1979.<sup>1</sup>

Det var fire **Tigrisinnlegg**. Utvekslingsleven vår, **Leonardo Fernández Flores**, fortalde om Holmenkollenturen sist helg – ikkje berre med hopprenn og langrenn i og ved Holmenkollen, men også med bowling i Sandvika og besøk på fleire museum, mellom anna Frammuseet. Ein innhaldsrik og fin tur! **Berit Midtgaard** kunne fortelje at ein tidlegare utvekslingslev i Langesund, **Elton**, no skal begynne å studere ved Mittuniversitetet i Sundsvall. **Rolf Heimdal** hadde lese på Facebook om *fadderbarna våre* i Vilnius, som hadde fått *District Grant* for å reparere ei trapp i ein lokal park. **Espen Hoell** minte oss på bandurakonserten i *Ælvespeilet* 17.4. Han oppmoda dei som hadde høve, til å kjøpe billetter – det er mange ledige plassar – og til å dele Facebook-omtalen av konserten. Damene i banduraorkesteret skal overnatte hos rotarianarar når dei er her i Grenland.

ÅRETS TIDER  
Arild Nyquist

Så kommer våren, og våren er  
ei lita gulgrønn jente som kaster fargene opp av  
kurven sin og setter fuglene tilbake i  
trærne og henger sola høyere opp på  
himmelen og gir den varmere stråler. Hun tar  
isen av vannene og putter god gurglelyd i  
bekken igjen – og menneskene får tynnere klær og  
varme smil, og kanskje høye iskrem å bære på.

Føredragshaldaren denne kvelden var **Anne-Mari V. Styre**, som driv *Glassblåseriet* på Stathelle. Ho fortalde korleis ho begynte med glasblåsing midt på 1990-talet, at ho hadde vore på kurs for å lære denne kunsten både i Bø, Risør og Danmark og at ho i 1999 hadde fått seg si eiga glashytte på Stathelle. Arbeidet med å lage glas i ulike fasongar er krevjande, frå kontrollen med temperaturen i omnen for å få den rette *viskositeten* til sjølve glasblåsinga. Det tek tre dagar å varme opp omnen. Når ho tek glaset ut or omnen, har det ein temperatur på ikkje mindre enn 1160°! Ho har mellom mykje anna laga mange forskjellige drikkeglas, og kan greie 20 per dag. Men brukskunst var ikkje nok for å bli medlem i foreininga NK – *Norske Kunsthåndverkere*. Da laga ho nokre meir «abstrakte» figurar som ho kallar *pingoar*, som blei kjøpte inn av eit kunstmuseum i Bergen.

Ho viste oss mange bilete av alle det flotte ho har laga, mellom anna ein vakker døypefont. Til slutt må det nemnast at ho har fått *Bamble kommunes kulturstipend*.

Langesund, 18. mars 2024,

*Rolf Theil*



<sup>1</sup> I siste linje i diktet står det «høye iskrem». Det ser ut som ein trykkfeil for «høyere iskrem», men eg har sjekka diktsamlinga *Kelner!* frå 1979, og der står det også slik!